

Årsmelding

Ålfotbreen landskapsvernområde

2013



Gjegnen, 1670 m.o.h.

Foto: Edvin Hugvik

Alf Erik Røyrvik
Verneområdeforvaltar

1. Generelt

Ålfotbreen landskapsvernområde vart verna 9. januar 2009, og 2013 var derfor tredje året med forvaltning av landskapsvernområdet. Verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011, og det er derfor tredje året med lokal forvaltning.

Det har vore eit relativt «roleg» år for forvaltninga av Ålfotbreen landskapsvernområde. Saksmengda har vore liten, og det har ikkje vore tunge eller veldig kontroversielle saker.

Av fysiske tiltak i verneområda har fokus lege på tilrettelegging for friluftsliv og uttak av framande artar.

Styret

Det vart konstituert nytt styre for Ålfotbreen landskapsvernområde 20.april 2012, etter at det var oppnemnt nye representantar frå kommunane etter kommunevalet. Styret er konstituert for perioden 2012 – 2015.

Styret i denne perioden består av:

Verv	Namn	Representerar	Vararepresentant
Leiar	Ola Tarjei Kroken	Gloppen kommune	Gunvor Sunde
Nestleiar	Nina Klara Grotle	Bremanger kommune	Karl Vidar Førde
Medlem	Bengt Solheim-Olsen	Flora kommune	Bente Halvorsen
Medlem	Anita Nybø	Fylkeskommunen	Bjørn Hollevik

Styret har hatt 2 fysiske styremøte i 2013, og i tillegg eit telefonmøte. Styret har handsama til saman 16 styresaker. Styret har ikkje oppretta arbeidsutval. Styret har delegert vedtaksmynde til verneområdeforvaltaren i saker som gjelder ferdsel. Delegeringa gjeld ikkje fleirårige løyver og ikkje dispensasjonar etter naturmangfaldlova § 48.

2. Saker

Motorferdsel:

- Alvar Melvær fekk løyve til å lande ved hytta si på Grøndalsstølen i Flora, for å transportere materialar til hytta.
- Sogn og Fjordane Energi og Norges vassdrags- og energidirektorat fekk løyve til helikopterlandingar i samband med tilsyn med kraftanlegg og bremålingar.

I tillegg har styret handsama nokre administrative saker og nokre henvendingar som har kome inn til styret.

3. Rekneskap

Året 2013 har vore det vi kan kalle eit «normalår» for drift og forvaltning av knutepunkt og verneområde. Etter oppstart av forvaltningsordning, knutepunkt, styre og forvaltar har drifta no gått seg til.

2013	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar
Lønn + Overhead og sosiale utg	kr 664 618	kr 604 651	kr 332 309	kr 302 326	kr 332 309	kr 302 326
Drift forvaltar og knutepunkt	kr 124 000	kr 123 367	kr 62 000	kr 61 684	kr 62 000	kr 61 684
Drift styre	kr 221 000	kr 50 532	kr 129 000	kr 49 000	kr 92 000	kr 1 532
Tiltaksmidlar	kr 180 000	kr 173 100	kr 100 000	kr 97 100	kr 80 000	kr 76 000
Bestillings-dialog	kr 670 000	kr 586 791	kr 450 000	kr 469 803	kr 220 000	kr 116 988
Planarbeid	kr 150 000	kr 0	kr 85 000	kr 0	kr 65 000	kr 0
Tot	kr 2 009 618	kr 1 538 441	kr 1 158 309	kr 979 912	kr 851 309	kr 558 529

Løn og sosiale utgifter vert styrt av arbeidsgjevar, som er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Kostnadar til drift av knutepunkt og forvaltar har vore omtrent som budsjettert. Største postane her er kontorleige for knutepunktet og reiseutgifter for forvaltaren. Stillinga fører med seg ein del reising. Drift av styret har omtrent ikkje hatt kostnadar i 2013. Dette er ikkje reelt då her er godtgjerdslar til møte og reise som ikkje er utbetalt, men som vil komme på rekneskapen for 2014. Kostnadane vil likevel vere mindre enn budsjettert, då styret hadde færre møter enn det som vart budsjettert med.

Dei tildelte tiltaksmidlane til styret er brukte, men alle bestillingsdialogmidlane vart ikkje brukt. Dette både fordi nokre av tiltaka vart billegare enn det som var budsjettert, og ikkje minst fordi eit av dei planlagte tiltaka ikkje vart noko av (sjå pkt 4.) Dei tilgjengelege midlane til planarbeid vart ikkje brukt, då forvaltningsplan og andre planar er forseinka.

4. Tiltak / bruk av midlar

For 2013 fekk Ålfotbreen Ivo tildelt totalt 220.000 over bestillingsdialogen og 80.000 som styret sine tiltaksmidlar. Her er ei oversikt over kva midlar som vart brukt i 2013.

Bruk av midlar i Ålfotbreen landskapsvernområde 2013

Bestillingsdialog

Tiltak	Tiltakshavar	Sum
Fjerning av gran	Verneområdestyret/Grønne Fingre	35 000
Bygge parkeringsplass i Åskora	Verneområdestyret/Grønne Fingre	34 288
Prosjektering, merking av sti Yksneelvane - Gjegnen	Verneområdestyret/Keipen Turlag	30 000
Rydding, merking, vedlikehald av sti, Hope - Lavesteinen	Verneområdestyret/Flora turlag / grunneigarar i Hope	20 000
Totalt		119 288

Tiltaksmidlar

Tiltak	Tiltakshavar	Sum
Utbetring av møteplassar og parkeirngsplassar	Førde grunneigarlag	76 000
Totalt		76 000

Fjerning av gran i Grøndalen er ikkje gjennomført enn, men det er gjort avtale om tiltaket og det er finansiert av bestillingsdialogmidlar for 2013. Ein del av arbeidet som Keipen turlag skal gjere med den nye ruta frå Yksneelvane/Bjørndalen til Gjengnen er heller ikkje gjennomført enno, men midlane er overførte og det er gjort avtale om arbeidet.

Førde grunneigarlag har fått løyvd 76.000 frå styret sine tiltaksmidlar til å bygge møteplassar og parkeringsplassar langs vegen som går innover Førdedalen. Grunneigarane må få vegen omklassifisert til bilveg før midlane vert betalte ut, og pengane står no hos Bremanger kommune.

I tillegg til dette var det tildela og prioritert 60.000 til opprusting av kaia på Mettenes. I samråd med eigaren av kaia vart dette utsett. Grunneigarane planlegg å bygge ein molo i staden for å få rusta opp kaia. Verneområdestyret får heller vurdere å vere med å bidra til den om det vert aktuelt.

I samarbeid med Sogn og Fjordane Energi og Statens naturoppsyn hadde verneområdeforvaltninga ein aksjon med rydding av skrot og søppel som låg igjen i og rundt landskapsvernområdet, etter den aktiviteten som var i samband med kraftutbyggingane i området for nokre tiår sidan. Dette vart gjennomført hausten 2013, med hjelp av elevar frå Nordfjord Folkehøgskule. Dette vart finansiert av SNO og SFE. Det er framleis behov for meir opprydding.

5. Fagleg Rådgjevande utval

Det vart ikkje oppretta fagleg rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernområde i 2013. Dette må gjerast i 2014. Det står i vedtektene at dette skal opprettast.

6. Forvaltar

Verneområdeforvaltaren vart tilsett 1.oktober 2011 og har verka i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Sandane, der han er samlokalisert med Statens naturoppsyn sin oppsynsmann som er tilknytt Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen landskapsvernområde.

Samarbeidet med SNO lokalt fungerer veldig godt. Vi jobbar mykje i team, både på planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak, tenestekjøp og u dei konkrete sakene som dukkar opp.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på i 2013:

- Regional forvaltarsamling 7.-9. mai i Lom
- Samling for forvaltarane i Sogn og Fjordane 4.-5. juni i Utladalen
- Vernefagsamling (nasjonal) 27.-29. august på Lista
- Føredrag på Fylkesmannen si samling for landbruk- og miljøtilsette i kommunane 23. oktober i Loen
- Nasjonalparkkonferanse 4.-5. november i Trondheim
- Forvaltarsamling 6. november i Trondheim
- Erfaringskonferanse; Naturarven som verdiskapar 21. november i Oslo

Møteverksemd

I tillegg har forvaltaren vore på ein del møter. Forvaltaren er tilsett i Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, og er derfor på ein del interne møter i fylkesmannsembetet.

Av eksterne som forvaltaren har vore i møte med kan ein nemne:


- Årsmøte Hyen Bondelag
- Keipen turlag
- Grunneigarar og grunneigarlag

I tillegg kjem interne møter hjå Fylkesmannen på Leikanger og mindre møter i samband med saker, søknader, tiltak med meir.

7. Bilete frå 2012



Bilete 1 og 2: Hyefjorden. Ålfotbreen landskapsvernområde går heilt i Hyefjorden i aust. Denne fjellsida er frodig og har innslag av både varmekjær lauvskog og kalkkrevjande plantar. Bilete 1 er teke frå nord og biltee 2 frå sør. *Foto bilete 1: Edvin Hugvik, bilete 2: Alf Erik Røyrvik*



Bilete 3 og 4: Ålfotbreenområdet har særst spesiell geologi. Bilete 3 syner dei spesielle landskapsformane som vi ser mykje av i og rundt verneområdet. Bilete 4 syner ei «lomme» med raud sandstein inne i grå sandstein. *Foto bilete 3: Edvin Hugvik, bilete 4: Alf Erik Rørvik*



Bilete 5: Gjegnabu er Flora turlag si hytte som ligger mellom Hope og Gjegnen. *Foto: Alf Erik Røyrvik*



Bilete 6: Synfaring med Flora turlag til Lavesteinen, på den merka ruta mellom Hope og Lavesteinen. *Foto: Alf Erik Røyrvik*



Bilete 7: Grøndalen i Flora kommune. *Foto: Alf Erik Røyrvik*